

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Svein Hågård, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/8692-36

### Søknad om fritak frå verv i fagskulestyret og eventuelt suppleringsval

[::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓](#)

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Wenche Eldegard får fritak frå vervet som styremedlem i Fagskulen i Sogn og Fjordane.
2. Som ny styremedlem vert vald: .....
3. Anne van Oorschot får fritak frå vervet som varamedlem til styret i Fagskulen i Sogn og Fjordane.
4. Som ny varamedlem for Bjørn Erik Hollevik vert vald: ....

[::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Fritakssøknad frå Wenche Eldegard av 27.11

Fritakssøknad frå Anne van Oorschot av 19.11

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

I møte 04.11.15, sak 109/15, valde fylkesutvalet styre for Fagskulen i Sogn og Fjordane for perioden 2015 – 2019. Etter framlegg frå NHO Sogn og Fjordane, gjorde fylkesutvalet slikt val av dei to styremedlemene som ifølgje vedtektene skal kome frå næringslivet:

Styremedlem: Wenche Eldegard  
Varamedlem: Agnar Hellenes

Styremedlem: Bjørn Erik Hollevik  
Varamedlem: Anne van Oorschot

Til fylkesrådmannen si overrasking har det kome for ein dag at NHO Sogn og Fjordane ikkje hadde vore i kontakt med nokon av dei fire ovannevnte før organisasjonen fremja dei som kandidatar til styret.

Wenche Eldegard og Anne van Oorschot har søkt om fritak frå verva for heile valperioden. Dei er begge kritiske til at dei er valde som styremedlemer utan å vere førespurde i forkant. Dei gjer gjeldande at dei ikkje har høve til å vere med i styret.

Regiondirektør i NHO Sogn og Fjordane, Jan Atle Stang, har opplyst til fylkesrådmannen at Bjørn Erik Hollevik og Agnar Hellenes er positive til å delta i fagskulestyret.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Fagskulestyret er å sjå på som eit «styre for institusjon o.l.» etter kommunelova § 11. Dei to fritakssøknadene skal såleis handsamast etter kommunelova § 15, nr. 2, som lyder slik:

«(F)ylkestinget kan etter søknad fritta, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjømte sine plikter i vervet.»

Fylkestinget har i sak 27/97 delegert mynndet til å gi fritak til fylkesutvalet.

Vilkåra for å gi fritak er strenge. Fritaksgrunnar vil i første rekkje vere at søkjaren sitt arbeidsforhold, dårlege helse, familiesituasjon eller andre tungvegande velferdsgrunnar gjer det urimeleg byrdefullt å oppfylle pliktane vervet medfører.

Eldegard har vist til at ho har nok styreverv og at ho såleis ikkje har høve til å sitje i fagskulestyret. Anne van Oorschot viser til både private og profesjonelle grunnar som bakgrunn for fritakssøknaden.

Fylkesrådmannen vil påpeike at det ikkje er i fylkeskommunen si interesse at fagskulestyret består av medlemmer som ikkje ønskjer dette vervet og som regelmessig vil kome til å melde forfall til styremøta. Den klare føresetnaden er difor at NHO Sogn og Fjordane må kontakte og få samtykke frå dei kandidatane interesseorganisasjonen fremjar overfor fylkesutvalet.

Då dette ikkje er gjort i dette tilfellet, tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet gir Eldegard og van Oorschot fritak for heile valperioden, sjølv om dei strenge vilkåra i kommunelova § 15, nr. 2, truleg ikkje er oppfylte.

Dersom fylkesutvalet innvilgar fritakssøknadene, skal utvalet føreta suppleringsval, jf. kommunelova § 16, nr. 3. NHO Sogn og Fjordane har fremja Anne Karin Lysne som ny medlem etter Eldegard og Marit Gjerstad som ny varamedlem etter van Oorschot. Begge har sagt seg villige til å ta på seg verva.

Lysne jobbar i Westcon Yard Florø AS og var styremedlem i førre periode. Dersom fylkesutvalet vel ho, vil det sikre ein viss kontinuitet i styret. Gjerstad er rådgjevar i NHO Sogn og Fjordane og kjenner næringslivet i fylket godt.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet gir Eldegard og van Oorschot fritak for heile valperioden og gjer slikt suppleringsval som NHO Sogn og Fjordane har gjort framlegg om.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)